



## Årsmelding for 2016



Utkast 8. mars 2017

Behandlast i styret 13. mars 2017

Godkjennast av årsmøte 15. mai 2017 jf. § 3 i vedtektene

# Innhald

<b>1. Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>2. Innsats og resultat i regionalparken i 2016 .....</b>	<b>5</b>
Hovudmålet er ein betre besøkt reiselivsattraksjon .....	5
Marknadsføring og sal .....	6
Reiseliv og anna næring.....	7
Regionalparken som samarbeidsplattform .....	9
Finansiering av utviklingsprosjekt .....	11
Nasjonale og internasjonale nettverk .....	11
Landskapsforvaltning.....	12
Frivillig sektor .....	13
Kunnskapsutvikling og formidling .....	13
<b>3. Vedlegg .....</b>	<b>14</b>
Nøkkeltal for 2016 .....	14
Regionalparkens partnerar .....	19

Årets høgdepunkt var at ei ny organisering av booking og sal endeleg kom på plass, etter ein lang og krevjande prosess.

- Booking: Norwegian Travel Group (NTG), som eig MS Henrik Ibsen og Dalen Hotel, overtok booking frå Visit Telemark frå sesongen 2017.
- Sal: Båtselskapa, regionalparken og Visit Telemark gjekk saman om eit toårig prosjekt for å styrke salet, spesielt mot grupper, med Kjersti Haland som salssjef frå 1. oktober 2016.



## 1. Samandrag<sup>1</sup>

**Føremålet** med Telemarkskanalen regionalpark er å auke området sin attraktivitet som reisemål og buplass, og å få til vekst og utvikling i næringslivet gjennom å foredle dei særprega ressursane knytt til Telemarkskanalen og kanallandskapet. Jf. Vedtektene § 2.

**Hovudmålet i strategiske handlingsplan 2012-16** er auka besøk.

Nøkkeltal for utviklinga frå 2015 til 2016.

- Passasjerar på kanalbåtar i rute: + 9 %
- Passasjerar på chartertur: - 8 %.
- Slusing av fritidsbåtar: + 7 % i Skien og + 26 % i Ulefoss.
- Besøk på sluseanlegga i Løveid, Vrangfoss og Lunde: -4 %.
- Aktive på/langs kanalen (sykling, padling, vandring): liten nedgang, men usikre tal.
- Kulturopplevingar langs kanalen: Stort sett framgang.
- Overnatting: Stort sett framgang.

I 2016 har regionalparken hatt aktivitet på alle **satsingsområda i strategisk handlingsplan**, men mest på desse tre områda:

- **Marknadsføring og sal:** Etter ein lang og krevjande prosess om ansvar for sal & booking, fekk vi endeleg ei ny løysing hausten 2016. Norwegian Travel Group (NTG), som også eig MS Henrik Ibsen og Dalen Hotel, overtok bookingansvaret frå Visit Telemark. Medan båtselskapa, regionalparken og Visit Telemark starta eit toårig prosjekt med eigen salssjef for Telemarkskanalen frå 1. oktober 2016, der hovudvekta skal vere retta mot gruppe-marknaden. Regionalparken hadde hovudansvaret for kanalmagasinet og bidrog til ulike annonsekampanjar.
- **Reiseliv og anna næring:** I mars fastsette styret ein 'Marknads- og utviklingsplan for Telemarkskanalen 2025', som omfattar alle aktørar i regionalparken og som er styrande for verksemda til regionalparken. I 2016 fullførde vi fleire utviklingsprosjekt: Attraksjonsklynger i Skien og Notodden, skiltplan til alle sluser/anløpsbrygger og formidlingstiltak i Vrangfoss. Prosjektet 'Vannvegens fortellingar' blei etablert og det blei sett i gang prosessar på Dalen og i Ulefoss, og prosjektet på Dalen er ferdig planlagt.
- **Regionalparken som samarbeidsplattform:** Regionalparken skal samarbeide med offentlege, private og frivillige aktørar. I 2016 var hovudinnsatsen retta mot dei private aktørane, m.a.

---

<sup>1</sup> Samandraget oppfyller dei formelle krava til ein årsrapport.

med etablering av formelle partnerskap og samarbeidet rundt ny organisering av felles booking og salsapparat.

Økonomien til regionalparken er god og føresetnadene for fortsatt drift er til stades.

Regionalparken har kontor saman med Telemarkskanalen FKF på fylkeshuset i Skien. Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråværet ubetydeleg.

Verksemda har ikkje vesentlig påverknad på det ytre miljø. I administrasjonen er ein mann og ei kvinne, pluss ei kvinne tilsett i prosjekt frå oktober 2016. I styret er det fem kvinner og tre menn.

Styret har ein representant for kvar av eigarane og er leia av Tarjei Gjeldstad. Det har hatt syv styremøte og har handsama 45 saker.

Skien 13. mars 2017

Tarjei Gjeldstad  
Styreleiar

---

Torhild Jensen  
Nestleiar

Steinar Arntzen  
Styremedlem

Tone Sofie Dale Solvang  
Styremedlem

---

Roger Heimdal  
Styremedlem

Signy Gjærum  
Styremedlem

Bjørg Tveito Lundefaret  
Styremedlem

Mette Haugholt  
Styremedlem

Pål Kleffelgård  
Dagleg leiar

